


## Lokal smittevernsinformasjon



Den lokale smittevernsinformasjonen har tatt utgangspunkt i **Veileder for smittevern for ungdomsskule og vidaregåande skule når det gjeld drift under Koronavirusutbruddet våren 2020 (VSK)** <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/ungdomsskole-vgo/>. Alle tilsette og elevar skal vere kjent med innhaldet i **VSK** før dei kjem på skulen.

Det vil bli utarbeid ein rom- og dagsplan for kvar enkelt dag, veke eller periode. Den vil bli publisert på heimesida og hengt på inngangsdørene til skulen, både elevar og lærarar må gjere seg kjent med den før dei gjeng inn i bygget. Romplanen vil innhalde kva rom elevane skal vere på og anna nødvendig informasjon. Rom og dagsplan vil bli lagt ut på heimesida til skulen når den er klar, og kontaktlærar følg opp at elevane får den informasjonen dei treng.

Dei viktigaste smitteverntiltaka er:



|   |  |
|---|--|
| <b>Oppmøtetidspunkt og oppstartsrutinar</b> | Skulen startar kl. 08 05 kvar dag eller til oppgitt tidspunkt i dagsplan. Vi har 4 inngangar og elevane blir oppmoda om å bruke inngangen nærmast det klasserommet dei skal på. Husk å sprit hendene før du går inn i bygget. Vi ber om at de ikkje bruker meir sprit enn nødvendig, da dette tidvis er krevjande å skaffe. Å vaske hendene er eit anbefalt alternativ. Det er anbefalt at elevane ikkje kjem før dei skal starte på skulen om morgon og at dei reiser heim etter ferdig skuledag. Alle klasserom for utan verkstad og spesialrom vil vere opne. Om elevar har fritimar skal dei site på det klasserommet dei har fellesfag.                                     |
| <b>Klasserom</b>                            | Alle elevar tar eller får tildelt sin plass av faglærer eller ansvarleg. Denne plassen skal dei ha gjennom heile undervisningsøkta/dagen. Det er 1m avstand mellom alle pultar. Faglærer har ansvar for at krava i <b>VSK</b> bli ivaretatt. Når ein er ferdig med undervisningsøkta eller dagen skal eleven tørke av pulten sin og anna fellesutstyr som ein har brukt med sprit og papir. Lærarar spritar også ned sitt utsyr om andre lærarar skal bruke det. Klasserom som ikkje skal brukast er låst. Dei skal ikkje låsast opp utan avtale med administrasjon eller reinhaldarar. Klasserom med vask får ikkje utdelt sprit til handvask. Dei skal vaske hendene med såpe. |
| <b>Gruppeinndeling</b>                      | Ingen grupper blir større enn ei klasse. Elevane på Vg1 og Vg2 EL og TIP vil berre ta i bruk bygg 95 (verkstadbygget) og elevar på Vg1 og Vg2 HO vil berre bruke sitt rom. Andre elevar skal ikkje bruke dei klasseromma eller bygget. Unntaket er 2TT når dei skal på verkstad. I enkelte tilfelle får vi ikkje plass til heile klasser eller grupper i eit klasserom. Da vil klassa/gruppa bli delt på to nærliggande klasserom. Ein ønskjer i den grad det er mogleg halde klassane adskilt. Dette er ikkje mogleg for programfag på studiespesialiserande  |
| <b>Garderobe</b>                            | Det skal ikkje fleire elevar enn to inn i garderobane samtidig. Desse bør ha god avstand til kvarandre. Vi omsyn til kvarandre. Alt av kleder, mat, yttertøy etc. skal vere i garderobeskapet eller i sekken din.  |

|                       |  |
|-----------------------|--|
| <b>Felles areal</b>   | <p>Sitteplassane på bibliotek og kantine etc. er ikkje tilgjengeleg for elevane. Kantina er ikkje open no, dette blir vurdert kontinuerleg. Elevar skal ikkje henvende seg til administrasjonen. Er det spørsmål eller ting dei skal ha utført skjer dette gjennom kontaktlærer/faglærer. I friminutt får elevane og lærarar treffe andre enn dei som er i gruppa. Husk avstand. De blir oppmoda til å bruke uteområdet i friminutta. Elevar skal heller ikkje ha tilgang til grupperom eller låste klasserom i fritimar eller friminutt. Ein skal halde til høgare når ein går i gangar og trapper. Det blir gjennomført forsterka reinhald for fellesareal og fellesutstyr som er tilgjengeleg for elevane og lærarar.</p> |
| <b>Toalett</b>        | <p>TIP og EL bruker toaletta i bygg 95. 1HO bruker toalettet nede i A11 bygget. ST og PB klassane bruker dei store toaletta i hovudbygget. 2HO og TT klassene bruker toaletta ved kantine. Lærarar nyttar personaltoalett. Toalett vil bli vaska etter instruks i <b>VSK</b>. Det blir gjennomført forsterka reinhald for toaletta</p>   |
| <b>Felles utstyr</b>  | <p>Felles utstyr skal tørkast av med sprit etter bruk. Døme på fellesutstyr er dreiebenkar, sveiseapparat, naturfags-materiell, sakser og anna utstyr. Verken elevane eller tilsette skal låne utstyr med kvarandre. Sprit vil bli sett på klasserom og andre stadar der ein finn fellesutstyr. Om de er plassar det manglar sprit kan ein kontakte administrasjon så vil dette bli sett på.</p>   |
| <b>Sjukdom</b>        | <p>Ingen elevane eller tilsette skal møte på skulen dersom dei ikkje føler seg i form eller har feber. <b>HER ER DET LAV TERSKEL! Sjå flytskjema under.</b></p>  |
| <b>Skuleskyss</b>     | <p>Skuleskyss skal gå som normalt. Elevar som ikkje får vere med skulebussen pga. at den er full går heim og varslar kontaktlærer om dette.</p>  |
| <b>Andre tilsette</b> | <p>Reinhaldarar, IT og drift skal ikkje kontaktast av elevane direkte, faglærarar kan ta kontakt. Om desse utfører arbeidsoppgåver skal både elevane og andre tilsette halde avstand. Om nødvendig må ein t.d. flytte klasserom eller vente til arbeidsoppdrag er utført før ein tar i bruk rom/areal.</p>   |

|                  |   |
|------------------|---|
| <b>Friminutt</b> | Friminutt vil følgje dagsplanen. Det må sjåast i samanheng med om det er heildagsprøver, heile eller halve fagdagar eller timeplan. Er det mogleg å ha friminutt til andre tidspunkt enn i timeplanen, anbefalast det.  |
| <b>Generell</b>  | <p><b>Alle skal vaske hender:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Før dei reiser til skulen og når ein kjem heim</li> <li>- Før ein går inn på klasserommet</li> <li>- Før ein skal ete</li> <li>- Etter ein har ete</li> <li>- Før friminutt</li> <li>- Etter friminutt</li> <li>- Etter toalett besøk</li> </ul> <p><b>Andre tiltak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Alle elevar vaskar eigen arbeidsstasjon etter bruk</li> <li>- Host i armhole</li> <li>- Halde avstand</li> <li>- Vise omsyn</li> </ul> |

## Flytskjema for håndtering av syke elever i ungdomsskole og videregående skole

